

GISKE KONTROLLUTVAL ÅRSMELDING 2025

KOMMUNAL EIGENKONTROLL OG KONTROLLUTVALET


KOMMUNAL EIGENKONTROLL

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar store og viktige ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd.

Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og dei ressursane som er stilte til disposisjon.

Eigenkontrollen skal medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve. Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret, kontrollutvalet saman med sekretariat, kommunedirektør med administrasjonen og revisjonen. Ein føresetnad for god eigenkontroll er eit samspel mellom desse aktørane.



OM KONTROLLUTVALET

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda, og kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Kommunestyret spelar ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen. For at kontrollutvalet skal vere ein god kontrollør for kommunestyret, må kommunestyret gje utvalet gode arbeidsvilkår og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i perioden 2023-2027 følgjande samansetning: (*fast medlem kommunestyret)

FASTE MEDLEMMER:

Kåre Harald Sæter* – leiar
Anne Lise Roald – nestleiar
Stig Gjethammer* – medlem
Gunnar Morsund – medlem
Lillian Skarmyr Olsen – medlem

VARAMEDLEMMER I REKKEFØLGJE:

Otto Stornes – 1. varamedlem
Inger Johanne Sund – 2. varamedlem
Steinar Holm – 3. varamedlem
Knut Støbbakk – 4. varamedlem
Hanne Roaldsnes – 5. varamedlem

KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG MYNDE

Kontrollutvalet er ansvarleg for kontroll med heile den kommunale verksemda, og har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ i kommunen. Det er berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet. Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er føreteke av kommunen sine folkevalde organ eller andre kommunale organ.

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver vert utført:

- Påsjå at rekneskapsrevisjonen vert gjennomført etter gjeldande lover og forskrifter.
- Kontroll med at den økonomiske forvaltninga skjer etter gjeldene regelverk og vedtak.
- Forvaltningsrevisjonar – bestilling, gjennomføring og oppfølging.
- Eigarskapskontroll – bestilling, gjennomføring og oppfølging.
- Påsjå at kommunestyret sine vedtak ved behandling av revisjonsrapportar vert fulgt opp.
- Utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalet kan på eige initiativ ta opp forhold som utvalet oppfattar som uønskte eller i strid med ei effektiv og forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar. Utvalet gjer då ei vurdering av risiko og vesentlegheit i forhold til prioritering og bruk av utvalet sine ressursar.

KONTROLLUTVALET SI BUDSJETTRAMME

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontrollarbeidet skal uendra følgje kommunedirektøren sitt saksframlegg til formannskapet og fram til behandling i kommunestyret. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal vise eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen med mellom anna utgifter til kontrollutvalet sitt arbeid, sekretariatstenester og revisjonstenester.

Kommunestyret vedtok for 2025 ei ramme på kr. 1 625 000 fordelt på følgjande postar:

- Kontrollutvalet sitt arbeid med møtegodtgjersle og kompetanse kr 175 000
- Kjøp av sekretariatstenester (eigardel SKS IKS) kr 440 300
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1 010 000

SEKRETARIATET

Kontrollutvalet skal ha eit sekretariat som er sjølvstendig i høve både kommunen sin administrasjon og revisjonen.

Kommunen er eigar av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS saman med dei seks andre kommunane på nordre Sunnmøre. Kommunestyret har vedteke at dette selskapet skal vareta funksjonen som sekretariat for kontrollutvalet.

Sekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i utvalet. Sekretariatet skal sørge for at kontrollutvalet sine saker er forsvarleg utgreidd, og at utvalet sine vedtak vert iverksett.

Kontrollutvalet bestiller rapportar og undersøkingar frå revisjonen som revisor rapporterer attende til kontrollutvalet. Sekretariatet varetek bestillarrolla på vegne av kontrollutvalet. Sekretariatet er bindeleddet mellom kontrollutvalet, revisjonen og kommunen sin administrasjon.

REVISJONEN

Kommunen er medlem i samvirkeføretaket Møre og Romsdal Revisjon SA og kommunestyret har vedteke at Møre og Romsdal Revisjon SA er kommunen sin revisor.

Rekneskaps- og finansiell revisjon av kommunen sine rekneskap, vert utført av revisjonen etter lov og forskrift. Kontrollutvalet har ei påsjårolle, og rekneskapsrevisor rapporterer derfor på utført arbeid til kontrollutvalet.

Møre og Romsdal Revisjon SA utfører undersøkingar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar etter bestilling frå kontrollutvalet og rapporterer på dette til kontrollutvalet. Revisjonen er til stades i kontrollutvalet sine møter når utvalet behandlar revisjonssaker, og har møteplikt i kommunestyret når revisjonsrapportar vert behandla.

Revisjonsarbeidet er underlagt nasjonal kvalitetskontroll, som vert utført av NKRF på vegne av lovgivar. Både oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor har lagt fram for kontrollutvalet erklæring på sitt sjølvstende i forhold til kommunen.

ORDFØRAR

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, men ikkje forslagsrett. At ordføraren deltek på kontrollutvalsmøta når det passar, er med på å synleggjere at kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan. Dette gjev høve til direkte dialog, og kontrollutval og ordførar kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

KOMMUNEDIREKTØR/ADMINSTRASJONEN

Kommunedirektøren har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet. Kommunedirektøren har likevel vore til stades på ein del av utvalsmøta, og det oppfattar kontrollutvalet som ein styrke for sitt arbeid. Kommunedirektøren har ved fleire høve blitt invitert til kontrollutvalet for å orientere om konkrete områder i kommuneverksemda.


Eit godt samarbeid mellom sekretariat/kontrollutval og kommunedirektør er viktig for ei felles forståing av kontrollarbeidet og best mogleg resultat og læring.

KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

KONTROLLUTVALET SINE KONTROLLVERKTØY

Kontrollutvalet har fleire ulike verktøy for å gjennomføre sitt arbeid, sjå verkemiddeltrappa under. Ulike saker krev ulik tilnærming, og det er difor viktig at utvalet vel den kontrollhandlinga som effektivt bidreg til at sakene vert tilstrekkeleg gjort greie for.

Dei ulike kontrollhandlingane kan illustrerast med figuren av verkemiddeltrappa. Den minst ressurskrevjande kontrollhandlinga er å be administrasjonen om orientering og er plassert nedst i trappa. Høyring som ligg øvst i trappa er svært sjeldan brukt, og er kontrollhandlingar som krev store ressursar og ofte ekstern bistand ut over det revisjonen og sekretariatet kan tilby.



Kontrollutvalet si verkemiddeltrapp

MØTEVERKSEMD

Kontrollutvalet sine møter er opne for publikum med unntak av dei tilfelle der det etter lov og forskrift er pålagt å lukke møtet. Saksdokument og møteprotokollar vart i 2025 publisert på kontrollutvalet si nettside kontrollutval.no/giske.

Møta vert haldne på rådhuset, om ikkje anna er sagt i innkallinga.

Kontrollutvalet har i 2025 (tal for 2024) hatt 5 (5) møte og behandla 33 (29) saker. Ei oversikt over sakene følgjer årsmeldinga som vedlegg.

Møteprotokollen vert fortløpande sendt til kommunestyret og lagt fram som referatsak.

I saker der kontrollutvalet etter lov og forskrift skal gje uttale eller kome med tilråding til kommunestyret, så vert kontrollutvalet si tilråding/uttale saman med kontrollutvalet sitt saksframlegg sendt til kommunen. For saker som skal frå kontrollutvalet til kommunestyret, så er det kontrollutvalet sitt saksframlegg som er grunnlaget for handlinga i kommunestyret.

Kommunedirektøren får alltid høve til å uttale seg før kontrollutvalet si behandling, og kan legge ved sine kommentarar som vedlegg til saksframlegget frå kontrollutvalet.

REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein tryggande måte.

I sak 17/25 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap og årsrapport, revidert av Møre og Romsdal Revisjon SA. Kontrollutvalet gav sin uttale til kommunestyret si K-sak 34/25.

Kontrollutvalet handsama revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon i same sak og fekk skriftlege og munnlege orienteringar frå revisor om arbeidet som er gjennomført i rekneskapsåret.

Kontrollutvalet sine bestillingar og avtalar med revisor har vore følgde. Etter kommunelova § 24-7 skal kommunen sin revisor, dersom det vert avdekt vesentlege feil og manglar knytt til finansiell revisjon, kommunisere dette til kontrollutvalet i nummererte brev. Kontrollutvalet har fått eit slikt brev dette året. Revisor har i etterkant sett til at forholdet er følgt opp av kommunedirektøren.

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL

Revisor skal utføre ein årleg etterlevingskontroll i samband med årsrevisjonen. Denne skal bygge på ei risiko- og vesentlegvurdering som revisor gjer kjent for kontrollutvalet før kontrollen tek til. Ein forenkla etterlevingskontroll er ein avgrensa kontroll med enkle kontrollhandlingar. Revisor tar stikkkontrollar av økonomiforvaltninga på konkrete områder for å sjå om den i all hovudsak skjer i samsvar med regelverket.

Kontrollutvalet behandla i sak 22/25 etterleving med økonomiforvaltninga 2024 – vidareutlån og startlån. Revisor skriv i sin rapport at dei har sett nærare på om kommunen i 2024

- *Har foretatt behovsprøving, og er mulighet for lån hos privat bank vurdert*
- *Har dokumentert at låneformålet er kjøp-, oppføring-, utbedring- eller tilpasning av bolig, eller refinansiering av dyre lån for å kunne beholde bolig*
- *Har dokumentert at det er stillet sikkerhet for utlån*

Revisor rapporterer at dei ikkje har vorte merksame på noko gjennom denne kontrollen som gjev dei grunn til å tru at Giske kommune i all hovudsak ikkje etterlever dei kriterieia som er fastsette i lov og forskrift.

FORVALTNINGSREVISJON OG UNDERSØKINGAR

1. UNDERSØKING BYGGESAKSFORVALTNINGA:

I mars 2025 fekk kontrollutvalet revisor sin rapport etter undersøking av byggesaksforvaltninga i Giske kommune. Kommunestyret behandla denne rapporten og gjorde vedtak i tråd med dei tilrådingane kontrollutvalet gav.

Vedtaket var slik:

1. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å merke seg dei utfordringane som rapporten peikar på, og nytte dei til forbetring og læring i organisasjonen

2. Kommunestyret bed om at kommunedirektøren innan 28.04.2025 sender kontrollutvalet ein framdriftsplan som viser korleis kommunedirektøren vil arbeide vidare med:

- handtering av restansane innan byggesak
- å foreslå tiltak for å behalde og utvikle kompetanse
- å få på plass Kostra-rapportering og andre kontrollrutiner innan byggesak
- andre utfordringar rapporten peikar på

Kontrollutvalet fekk ein framdriftsplan frå kommunedirektøren til behandling i sak 20/25 og vedtok å be om ei orientering frå kommunedirektøren når dei planlagde tiltaka er gjennomført. Kontrollutvalet vil følge opp dette våren 2026 og rapportere attende til kommunestyret.

2. FORVALTNINGSREVISJON PERSONALRESSURSFORVALTNING HELSE OG OMSORG

I tråd med den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet i 2025 bestilt, fått gjennomført og mottatt rapport frå forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning innan helse og omsorg. Kommunestyret fekk oversendt rapporten og vedtok kontrollutvalet sine tilrådingar. Slik var vedtaket:

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å arbeide vidare med:

1. Styrke evalueringa av strategiar og tiltak for rekruttering
2. Vidareføre og ferdigstille arbeid med GLUP-verktøyet (GLUP er ein digital lærings-plattform for offentleg sektor)
3. Vidareføre og ferdigstille arbeid med seniorpolitikken
4. Einingar bør gå gjennom sine oppgåver for å sikre best bruk av bemanningsressursane

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å gje ei skrifteleg orientering til kontrollutvalet innan 1. februar 2026, der det kjem fram korleis tilrådingane er arbeidd vidare med.

Dette er ei sak der kontrollutvalet vil følge opp og rapportere attende til kommunestyret våren 2026.

3. FORVALTNINGSREVISJON DOKUMENTHANDSAMING OG INNSYN/OFFENTLEGHEIT

På tampen av året i sak 31/25 vedtok kontrollutvalet å bestille neste forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet nytta seg av det mynde som dei har fått frå kommunestyret til å gå vekk frå prioriteringane i plan for forvaltningsrevisjon om utvalet vurderer at risiko og vesentlegheit tilseier det.

Utvalet vedtok å bestille ein forvaltningsrevisjon av dokumenthandtering og innsyn/offentlegheit i 2026. Dette er eit område som kontrollutvalet har vore innom både i denne perioden og i førre periode.

Det er bestilt ein prosjektplan frå forvaltningsrevisor til møtet i februar 2026. Det er ved å vedta prosjektplanen at kontrollutval og revisor blir einige om kva problemstillingar som det er viktig å sjå nærare på innan forvaltningsområdet.

EIGARSKAPSKONTROLL

Å føre kontroll med kommunen sine eigarinteressene i selskap er ei av oppgåvene til kontrollutvalet. I 2025 har det ikkje vore handsama saker i kontrollutvalet knytt til bestilling, handsaming eller oppfølging av eigarskapskontrollar. Årsaka til dette er at kommunen si eigarskapsmelding for perioden 2023-2027 ikkje er vedteken av kommunestyret. Når den ligg føre er det naturleg at utvalet drøftar og set i bestilling ein eigarskapskontroll.

ANDRE SAKER

Kontrollutvalet har fått nokre førespurnader og innspel frå innbyggjarar gjennom året. Fleire av desse har omhandla forhold som er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, og innsendar har då fått informasjon og rettleiing frå sekretariatet i tråd med god kommunal forvaltningsskikk.

Kontrollutvalet nyttar den vedlagte «trafikklysmodellen» som hjelp til vurdering når førespurnader og innspel kjem til kontrollutvalet.

Av andre saker så har kontrollutvalet gjeve kommunestyret sine innspel til reglement for folkevalde organ i Giske kommune, knytt til dei områda som vedkjem kontrollutvalet og kontrollutvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet har i 2025 bede kommunedirektøren om orientering på desse områda:

- Barnevernstenesta
- Eigarstyring og utøving av eigarskap
- Varslingsrutiner, rettslege tvistar og mislege handlingar

OPPLÆRING, KOMPETANSE OG NETTVERK

Det vert stadig stilt større krav og forventningar til kontrollutvalet sin kompetanse. Både frå det politiske miljøet og frå kommunen sine innbyggjarar. En føresetnad for at kontrollutvalet skal kunne gjere eit godt kontrollarbeid på vegne av kommunestyret, er at utvalet kjenner til sentrale reglement, føringar og endringar som kjem knytt til desse og får høve til kontrollfagleg påfyll.

Kontrollutvalet har fått tilbod om å delta i opplæring og fagleg samarbeid via NKRF, Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og lokalt gjennom sekretariatssamarbeidet i fylket. I 2025 har ein eller fleire utvalsmedlemmar delteke på:

- Kontrollutvalskonferansen 2025 - NKRF
- Kontrollutvalsleiaraskulen - Forum for kontroll og tilsyn FKT
- Digitalt webinar for kontrollutvalsleiarar - Forum for kontroll og tilsyn FKT
- Fagkonferansen 2025 for kontrollutval - Forum for kontroll og tilsyn FKT
- Fagdag for kontrollutvalsleiarar - Sekretariatssamarbeidet i Møre og Romsdal

TIL SLUTT

Kontrollutvalet takkar ordførar og kommunestyre, Møre og Romsdal Revisjon SA , kommunedirektør og administrasjonen for eit godt samarbeid gjennom 2025. Med god samhandling og respekt for kvarandre sine roller kan vi saman bidra til å nå kommunen si målsetting om å levere trygge og gode tenester til innbyggjarane.

Giske kontrollutval 29.01.2026

Kåre Sæter
Leiar

Anne Lise Roald
nestleiar

Stig Gjethammer
medlem

Gunnar Morsund
medlem

Lillian Skarmyr Olsen
medlem

Vedlegg:

Oversikt kontrollutvalet sine saker i 2025

Trafikklysmodellen

Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen» Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen.	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
Vedrører henvendelsen misnøye med et politiskfattet vedtak?				
Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?				
Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?				
Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?				
Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse?				
Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?				
Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?				
Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?				
Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?				
Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?				
Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?				
Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?				

Tabell 1 Kilde: Deloitte AS

Frå Forum for kontroll (FKT) sin rettleiar for handtering av henvendingar.

OPPFØLGINGSLISTE GISKE KONTROLLUTVAL

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging
13.02.2025	PS 01/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste med foreslått endring i rekkefølge. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.	ok
	PS 02/25	Orienteringar		
	OS 01/25	Orientering om barnevernstenesta	Kontrollutvalet tek orienteringa om barnevernstenesta i Giske kommune til vitande.	ok
	PS 03/25	Revisor sin rapport frå interimkontroll 2024	Kontrollutvalet tek rapporten frå revisor til vitande.	ok
	PS 04/25	Revisor si risikovurdering før forenkla etterlevingskontroll 2024	Kontrollutvalet tek til vitande informasjon om revisor si vurdering av risikoområder for forenkla etterlevingskontroll 2024 og støttar revisor sitt val av området "Vidare utlån – Startlån".	ok
	PS 05/25	Undervegsrapport frå undersøking innan byggesaksforvaltning	Kontrollutvalet tek orienteringa frå forvaltningsrevisor til vitande.	ok
	PS 06/25	Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning innan helse og omsorg	Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon på personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune. Bestillinga går til Møre og Romsdal revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet. Prosjektplanen skal innehalde: • bakgrunn og føremål • problemstillingar • revisjonskriterie og metode • tidsplan • forventa ressursbruk	ok
	PS 07/25	Meldingar og skriv		
	MS 01/25	Førespurnad rundt investering og oppstart Vigra barneskule	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 02/25	Førespurnad om basen Valderøy skule	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Ok
	MS 03/25	Melding om vedteken Plan for eigarskapskontroll 2024-2027	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 04/25	Om valbarheitsreglar for kontrollutval	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Ok
	MS 05/25	Protokoll frå Attvin AS	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Ok
20.03.2025	PS 08/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.	ok
	PS 09/25	Rapport frå undersøking av byggesaksforvaltninga	Giske kontrollutval tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak: 1. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å merke seg dei utfordringane som rapporten peikar på, og nytte dei til forbetring og læring i organisasjonen	Ok

OPPFØLGINGSLISTE GISKE KONTROLLUTVAL

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging
			2. Kommunestyret bed om at kommunedirektøren innan 28.04.2025 sender kontrollutvalet ein framdriftsplan som viser korleis kommunedirektøren vil arbeide vidare med: ○ handtering av restansane innan byggesak ○ å foreslå tiltak for å behalde og utvikle kompetanse ○ å få på plass Kostra-rapportering og andre kontrollrutiner innan byggesak ○ andre utfordringar rapporten peikar på	
	PS 10/25	Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning helse og omsorg	Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området personalressursforvaltning, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet. Ressursramma for forvaltningsrevisjonen er inntil 300 timar. Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 05.september 2025, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 18. september. Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatsrådgivaren informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.	ok
	PS 11/25	Kontrollutvalet si årsmelding 2024	Årsmelding 2024 for Giske kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.	ok
	PS 12/25	Endring av møteplan 2025	For at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 før formannskapsmøtet 12.mai, flyttar kontrollutvalet møtet 15.mai til 08.mai 2025.	ok
	PS 13/25	Meldingar og skriv		
	MS 06/25	Invitasjon til fagkonferanse 3.-4.06.2025 - frist 10.04.2025	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	Ok
	MS 07/25	Nyhendebrev mars 2025 - Forum for kontroll og tilsyn	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	
	MS 08/25	Varsel om eigarmøter i 2025 i heileigde selskap	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
				ok
08.05.2025	PS 14/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.	ok
	PS 15/25	Orienteringar		
	OS 02/25	Orientering knytt til eigarstyring og utøving av eigarskap	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.	ok
	PS 16/25	Nummerert brev 01 frå revisor til kontrollutvalet	Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.	ok
	PS 17/25	Kontrollutvalet sin uttale til årsmelding og årsrekneskap 2025	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 er: Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Giske kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024 for Giske kommune.	ok
	PS 18/25	Meldingar og skriv		
	MS 09/25	Status arbeidet med forvaltningsrevisjon	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 10/25	Varsel om møter i eigarorgan heileigde selskap	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 11/25	Høyring om anbefalinger for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok

OPPFØLGINGSLISTE GISKE KONTROLLUTVAL

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging
19.09.2025	PS 19/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.	
	PS 20/25	Oppfølging av vedtak - undersøking av byggesaksforvaltninga	Kontrollutvalet takkar for den framlagte framdriftsplanen frå kommunedirektøren, og merkar seg lærings- og forbedringprosessane som skal arbeidast med vinteren 2025/2026. Kontrollutvalet ber difor om å få ei skriftleg tilbakemelding på gjennomføring av framdriftsplanen, innan 1. mars 2026.	1. mars 2026
	PS 21/25	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning helse og omsorg	Rapporten frå forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding frå kontrollutvalet: Kommunestyret bed kommunedirektøren om å arbeide vidare med: 1. Styrke evalueringa av strategiar og tiltak for rekruttering 2. Vidareføre og ferdigstille arbeid med GLUP-verktøyet (GLUP er ein digital læringsplattform for offentleg sektor) 3. Vidareføre og ferdigstille arbeid med seniorpolitikken 4. Einingar bør gå gjennom sine oppgåver for å sikre best bruk av bemanningsressursane Kommunestyret bed kommunedirektøren om å gje ei skriftleg orientering til kontrollutvalet innan 1. februar 2026, der det kjem fram korleis tilrådingane er arbeidd vidare med.	1. februar 2026
	PS 22/25	Rapport forenkla etterlevingskontroll 2024 - vidareutlån	Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2024 med vidareutlån - startlån i Giske kommune, til vitande. Revisor uttaler at basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er ikkje revisor blitt merksame på noko som gir grunn til å tru at Giske kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd dei nemnte kriterier for startlån i samsvar med forskrift om lån frå Husbanken	ok
	PS 23/25	Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025	Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon av og kommunikasjon rundt årsrekneskap 2025, til vitande.	ok
	PS 24/25	Kontrollutvalet sin uttale til revisjon av reglement for folkevalde organ 2025	Kontrollutvalet støttar endringane og tilrår at kommunestyret vedtek reglementa med dei endringar som kjem fram av kontrollutvalet sitt saksframlegg.	ok
	PS 25/25	Førespurnad - klage på sakshandsaming av avslag ferdigattest	Kontrollutvalet vil ta temaet dokumenthandtering og innsyn/openheit med i vurderinga av risiko- og vesentlegheit når området for neste forvaltningsrevisjon skal vedtakast.	ok
	PS 26/25	Budsjetttramme kontrollarbeidet 2026	Giske kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Giske kommune er på kr 1 670 000 fordelt slik: • Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 192 000 • Sekretariatstenester (eigardel) kr 438 000 • Rekneskapsrevisjon kr 670 000 • Forvaltningsrevisjon kr 370 000 Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjetttramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2026 for Giske kommune.	ok
	PS 27/25	Meldingar og skriv		

OPPFØLGINGSLISTE GISKE KONTROLLUTVAL

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging
	MS 12/25	Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 13/25	Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalsleiarar Møre og Romsdal	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 14/25	Eigarmøter i selskap	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
20.11.25	PS 28/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.	ok
	PS 29/25	Orienteringar		
	OS 03/25	Orientering frå kommunedirektøren om varslingsrutine og andre forhold	Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret ser til at det vert utarbeida rutiner for handtering av varsel på kommunen si øvste leing, både administrativ og folkevald leing. Kontrollutvalet oppmodar om at det blir betre informert på kommunen si heimeside om korleis eksterne kan varsle om kritikverdige forhold.	Følgje opp haust 2026
	PS 30/25	Revisor si risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2025 - godtgjersle til folkevalde	Kontrollutvalet tek revisor si risikovurdering til vitande og støttar valet av område for forenkla etterlevingskontroll 2025 som er godtgjersle til folkevalgte..	ok
	PS 31/25	Bestille prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026	Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan dokumenthandtering og innsyn/offentlegheit i Giske kommune. Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet. Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet. Prosjektplanen skal innehalde: • bakgrunn og føremål • problemstillingar • revisjonskriterie og metode • tidsplan • forventa ressursbruk Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. innan 15. januar 2026.	Januar 2026
	PS 32/25	Møteplan 2026 Giske kontrollutval	Møteplan for Giske kontrollutval i 2026: 1. møtet: 29. januar 2. møtet: 19. mars 3. møtet: 7. mai 4. møtet: 10. september 5. møtet: 12. november	ok
	PS 33/25	Meldingar og skriv		
	MS 15/26	Fagkonferansar for kontrollutval i 2026	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok
	MS 16/26	Vedtak kommunestyret - forvaltningsrevisjon 2025 Personalressursforvaltning	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok

OPPFØLGINGSLISTE GISKE KONTROLLUTVAL

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging
	MS 17/26	Eigarmøte i selskap - Giske kommune	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.	ok

Forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll	Merknad	Levert rapport
Vedlikehald av kommunale eigedommar		2021
Ressursbruk i grunnskuleopplæringa		2022
Offentlege anskaffingar		2024
Personalressursforvaltning helse og omsorg		2025
Undersøking byggesaksforvaltning		2025
Dokumenthandtering og innsyn/openheit	bestilt	
Eigarskapskontroll	Avventar eigarskapsmeldinga	
Forenkla etterlevingskontroll	Rekneskapsår	Rapport
Gjelds- og finansforvaltning	2021	2022
Fosterheimsgodtgjering	2022	2023
Attestasjon og tilvising	2023	2024
Vidareutlån - startlån	2024	2025
Godtgjering til folkevalde	2025	2026